

# RAUMA KOMMUNE

## SAKSPAPIR I DELEGASJONSSAK

<b>Styre, utvalg, komite m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr</b>	<b>Saksbehandler</b>
Fullmaktsvedtak planutvalg	03.01.2013	333/12	BRG

<b>Saksansvarlig</b> Brit Grønmyr	<b>Arkiv: K2-K01</b> <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 12/2144
--------------------------------------	--	------------------------------

SØKNAD OM BRUK AV LEIGEKØYRAR TIL GRYTTE FJELLSTYRE SINE HYTTER I BRØSTDALEN 2013 - 2015

### Vedlegg:

Søknad frå Grytten fjellstyre v/Dagfinn Roald

### Andre vedlegg:

Verneforskrifta for Romsdalen lvo <http://www.lovdato.no/for/lf/mv/tv-20061124-1303-0.html#3>

Verneforskrifta for Reinheimen np <http://www.lovdato.no/for/lf/mv/xv-20061124-1302.html>

Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag  
<http://www.lovdato.no/for/sf/md/td-19880515-0356-0.html#2>

### Saksutredning:

Grytten fjellstyre søker i brev datert 20.12.2012 om bruk av leigekøyrar på vinterføre frå Brøstdalen til Jervebua i Litlhåhdalen og til Mebua og frå Vermedalen til Mebua, Vermevatnet, Slettflybotn og Langvatet. den eine søknaden om køyring etter vegen med eigen bil frå der stigen går av til Vermevatnet og inn til Langvassbua på sommarføre for restaurering og generelt vedlikehald.

Søknaden gjeld for tidsrommet 2012 – 2015. Sidan søknaden ikkje er blitt behandla før 2013 blir løyvet gjeldande frå dette året. Det er ikkje gjeve anslag på talet på turar i søknaden.

På vinterføre kan forvaltningsmyndigheita ifølge verneforskrifta for Romsdalen lvo § 3-5.3b og verneforskrifta Reinheimen np § 3-6.3b gi løyve til ”nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt og nødvendig motorferdsel i samband med snømålingar o.l. på snødekt mark langs etablerte traséar eller ved lufttransport.” Aktuelle traséar går fram av Forvaltningsplana.

Elles er dette aktuelt frå Forvaltningsplana:

*For kjende, faste transportformål kan det gjevast fleirårige løyve inntil 5 år med avgrensing i tal på turar.*

*Talet på turar skal normalt avgrensast, t.d. slik:*

- på vinterføre 1 – 5 turar
- på barmark 1 – 3 turar
- i lufta 1 – 3 turar.

## **Vurdering:**

Alle saker som berører naturmangfoldet skal vurderast etter Naturmangfoldlova §§ 8 – 12 jfr § 7.

**Kunnskapsgrunnlaget (§8)** når det gjeld det omsøkte tiltaket blir rekna som tilstrekkeleg. Det er ei registrering av eit yngleområde for rovfugl i ei fjellside i området og trekkvegar for villrein er registrert med jamne mellomrom meir eller mindre heile vegen innover til begge buene Brøstdalen. Trolstigreinen har dessutan hatt vintertilhald i områda på nordsida av Brøstdalen, men denne flokken har SNO og anna fjelloppsyn hatt stålkontroll på bevegelsane til så kontakt med oppsynet skal vera tilstrekkeleg for å avklare om villreinomsyn må takast ved køyring. Ut frå dette treng ein ikkje å ta i bruk **føre-var-prinsippet (§9)**.

Etter § 10 “**Økosystemtilnærming og samlet belastning**” skal ei beslutning vurderast i lys av fleire påverknadar seinare, og om eit løyve kan skape presedens, og på denne måten bidra til ei gradvis forringing av området. Heimelsgrunnlaget for å gi løyve til transport etter § 3 - 5.3b og d i verneforskrifta er svært avgrensa og presedensen ligg i tilfelle i talet på turar det blir gjeve løyve til.

NML § 11 seier at ”**kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver**”. Miljøforringelse blir antatt å vera avgrensa til forbigåande støyforureining.

I § 12 i NML står dette **om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder**: “*For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som gir de beste samfunnsmessige resultater*”. Det er søkt om skuterbruk ved leigekøyrar til tre av fjellstyret sine hytter og samtidig køyring etter køyresporet inn til ei av dei, Langvasshytta. Sidan det er tal om køyring etter eit køyrespor ser ein ikkje barmarkskøyringa som verken bedre eller verre enn skuterkøyringa. Det blir har tidlegare vore gjeve løyve til inntransport av ved og varer til dei nemnde hyttene på vinterføre, inntil to turar til kvar hytte. For barmarkstransport er det ikkje gjeve opp spesielle formål ut over vedlikehald, og det blir i innstillinga sett opp eit avgrensa antal turar til transport for dette.

Det vart gjeve løyve til bruk av leigekøyrar på vinterføre til Langvassbua, Slettflybotn og Vermevassbua i sak PLAN-83/12. det er ikkje oppgjeve antal turar i søknaden, men det blir her gjeve tilsvarande antal som i nemnde sak, 3 turar per år per hytte.

Søknaden ligg innanfor det verneforskrift, Forvaltningsplan og motorferdselsforskrift opnar for og det blir derfor gjeve løyve til på vilkår.

## VEDTAK:

Med heimel i § 3-5.3b i verneforskrifta for Romsdalen landskapsvernområde og § 3-6.3 b i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark får Grytten fjellstyre v/Dagfinn Roald løyve til transport av ved, varer og utstyr til eigne hytter på desse vilkåra:

- Løyvet gjeld for inntil 3 turar årleg med leigekøyrar for transport av ved, varer mm til hyttene Jervebua og Mebua via Brøstdalen. Trasè som beskrive i Forvaltningsplanen for Reinheimen skal brukast.
- Dette løyvet og køyrebok skal takast med og visast fram til oppsyn/politi eller andre når det blir kravd.
- Lokalt SNO skal kontaktast før køyring for å avklare om det må takast villreinomsyn
- Løyvet gjeld i perioden 2013 – 2015.

Køyringa skal gjerast så aktsamt og omsynsfullt som råd er for å unngå skade og ulempe for naturmiljø og menneske. Generelt blir søkjaren oppmoda om å unngå motorisert ferdsel i helgar og høgtider.

Løyvet avgrensar ikkje grunneigar sin rett til å nekte motorferdsel på eigen grunn. Det er søkjaren sitt ansvar å innhente og klarere dette.

Rett utskrift bekreftes

«Sbr\_Navn»

«Sbr\_Tittel»

Direkte tlf. «Sbr\_Tlf»